

# VISITASMELDING

**Fusa sokn**

**ved bispevisitasen 28.08.-02.09.12**



**Fusa kyrkje 50 år**

## 1. PROGRAM FOR VISITASEN

TID	STAD	PROGRAMPOST	INNHALD	DELTAKARAR
<b>Tysdag</b>				
08.30	Hålandsdalen kyrkje	Morgonbøn	Felles bøn for visitasen	Biskop m. følgje Kyrkjestaben Evt. soknerådsleiar
09.15	Kyrkjekontoret	Stabsmøte	Gjennomgang av visitasveka. Stabssamtale.	Biskop m. følgje Kyrkjestaben Evt. soknerådsleiar
11.00	Eikelandsosen bedehus	Senioruniversitet/ Folkemøte	Føredrag ved biskopen: "Folkekyrkja si framtid"	Biskop m. følgje Frivilligsentralen Senioruniversitet ++ Stab
12.00	Eikelandsosen Bedehus	Lunsj	Mat og prat Orientering om Frivilligsentralen	Biskop m. følgje Frivilligsentralen Senioruniversitet ++ Stab
12.30- 15.00	Kyrkjekontoret	Samtalar med prestane og kyrkjeverje		Biskopen Prestane og kyrkjeverje
16.00		Middag		Biskop m. følgje
19.00	Fusa kyrkje	Jubileumskonsert/ Kulturkveld	"Ei musikalsk tidsreise"	Ope for alle
<b>Onsdag</b>				
09.00	Kyrkjetunet Os	Prostikonvent	Møte med prestane i prostiet	Biskop m. følgje Prosten Prestane i prostiet
12.30	Tretønner Holmefjord	Lunsj med orientering om bøkkertradisjonen i Fusa	Mat og prat Oddvar/Jostein/Marianne fortel og demonstrerer	Biskop m. følgje Prosten Kommunale representantar?
13.30	Tretønner Holmefjord	Møte med kommunen	Drøfte samarbeidet kyrkje/kommune	Biskop m. følgje Sokneprest/Kyrkjeverje Soknerådsleiar/nestleiar Kommunale representantar
15.00	Kyrkjekontoret	Samtale med soknerådsleiaren		Biskopen Soknerådsleiaren
16.00		Middag		
18.00	Sundvor kyrkje	Kveldsbøn		Alle
18.30 - 21.30	Nordtveit bedehus	Møte med tilsette og sokneråd	Drøfting av visitasmelding og strategi	Biskop m. følgje Soknerådet/tilsette Tilsette

<b>Torsdag</b>				
08.30	Ungdomsskulen	Spørjetime	Spørjetime med 10. kl	Biskopen med følge Prestar Ungd.arb.
10.00	Holdhus kyrkje	Pilegrimsvandring	Kyrkjekunnskap for 7. klasse	7. klasse med lærarar Rektor Anne Prestane Kyrkjelydspedagog
11.30	Hålandsdalen leirskule	Lunsj	Mat og prat Orientering om leirskulen	Biskopen m. følge Prestane/kyrkjelydspedagog Evt. lærarar
12.00	Hålandsdalen leirskule	Møte med lærarane	Samarbeid skule kyrkje	Lærarar Biskop m. følge Kyrkjelydspedagog Prestar
13.30-15.00	Kyrjekontoret	Evt. samtalar med tilsette		
15.30		Middag	Mat og prat Kort synfaring i Strandvik kyrkje?	
17.30	Eikelandsosen samfunnshus	Møte med ”kjentfolk i kyrkja” (p.u.)	Kaffi og prat Mimring frå kyrkjekurset	Bebuarar og tilsette Biskop m. følge Kyrkjelydspedagog Diakoniutv.leiar Prestane
19.00	Eikelandsosen bedehus	Medarbeidar/kyrkjelyds-fest	Biskopen: ”Medarbeidarskap” Bjørnefjorden jazz Biletkavalkade	Alle
<b>Fredag</b>				
18.30	Fusa kyrkje	Møte med konf.foreldre	Info om konf.året. Liturgisk avslutning i kyrkja	
20.00	Eikelandsosen bedehus	Møte med ungd.klubben	Andakt v. biskopen	
<b>Sundag</b>				
11.00	Fusa kyrkje	Festgudsteneste	Visitat- og jubileums-gudsteneste med visitasføredrag	Alle
13.00	Fusa samfunnshus	Kyrkjekaffi	Kyrkjekaffi med jubileumshelsingar	Alle

## 2. KORT OM UTVIKLINGA SIDAN FØRRE BISPEVISITAS

Førre visitas vart halden av biskop Ole D. Hagesæther i tida 05.-09.09.2000. Utviklinga i soknet sidan 2000 har vore prega av både stabilitet og endring. Folketalet i kommunen og medlemstalet i soknet har vore stabilt. Men folkesetnaden har endra seg. Det har såleis vore auke i folketalet i sentrale deler av soknet, medan det har minka i utkantkrinsane. Dette har fått følgjer for den geografiske fordelinga og oppdelinga av det kyrkjelege arbeidet.

Den ytre kyrkjelege strukturen er den same, med eitt sokn og fem kyrkjer. Men kyrkjelydsforståinga har endra seg noko. Ein har såleis i aukande grad lagt vekt på at soknet som ein kyrkjelyd, men med fleire kyrkjekrinsar.

I kyrkjestaben har det vore skifte av tilsette i fleire av stillingane, og nye stillingar og tilsette har kome til. Staben er såleis blitt vesentleg større, sjølv om presteressursen er blitt redusert. Ei stor sorg råka kyrkjelyden då kapellan Svein Bjørhovde døydde i 2007 etter 3 års kamp mot sjukdomen.

Største endringane i kyrkjelydsarbeidet har kome innan barne- og ungdomsarbeidet, som er rusta kraftig opp, særleg i samband med trusopplæringsreforma. Satsinga på trusopplæring har også sett sitt preg på gudstenestelivet. Nye gudstenesteformer er blitt utvikla og utprøvde. Det har vore lite endring i det samla talet på gudstenestefeirande, men ei lita auke pr. gudsteneste.

Frivilligsentralen er blitt ein viktig tilvekst til det diakonale arbeidet i soknet. Det er blitt brukt vesentlege ressursar på rekruttering og oppfølging av uløna medarbeidarar i kyrkjelyden.

I misjonsarbeidet har vi gått frå ulike misjonsprosjekt knytt til kvar einskild kyrkjekrins, til eit samlande prosjekt for heile soknet.

Alle kyrkjene er blitt vølte og vesentleg opprusta. Det same gjeld fleire av kyrkjegardane.

Ved førre visitas vart det særleg peika på dåpsopplæringa, dei diakonale utfordringane og gudstenestelivet som satsingsområde for dei komande åra. Vi vil såleis ha desse særleg for auge i visitasmeldinga. Men elles er det i meldinga lagt vekt på dei strategiske målsetjingane som er nedfelte i soknet sin strategiplakat for 2011-2015. Denne vert presentert i kap 5.2.

Strategiske vurderingar av verksemda inngår i heile visitasmeldinga. Men kapittel som er særleg strategiske relevante vert avslutta med ei oppsummerande, strategisk vurdering.

Hovudpunkta frå desse strategivurderingane er samla i konklusjonen (kap 7), som utgangspunkt for drøftingane under visitasen.

## 3. FUSASAMFUNNET

### 3.1. Geografi og demografi

Fusa er ein geografisk stor kommune med ei lang kystline. Avstandene etter landevegen er også store. Frå kommunesenteret i Eikelandsosen er det t.d. 50 km til Austefjord i Sundvor og 45 km til Håvik i Strandvik, på til dels dårleg veg. Fusa har tidlegare vore 3 kommunar, og bygdene vart etter måten seint knytte saman med vegsamband. Denne desentraliserte strukturen pregar på mange måtar kommunen framleis. Busetnaden er såleis spreidd, med berre 12 % busette i tettbygde strok. Folketalet var 3851 innbyggjarar 1. januar 2011.

### 3.2. Næringsliv

Fusa har eit sterkt og godt næringsliv, som er av det mest lønsame i landet. Kommunen har såleis netto arbeidsinnpendling, sjølv om mange pendlar til arbeidsplassar i Os og Bergen. Mekanisk industri, havbruk, trelast og trebearbeiding, landbruk og transport er mellom dei sterkaste næringane. Fusa er òg ein av dei viktige landbrukskommunane i Hordaland. Frank Mohn Fusa AS, som produserer lossesystem for skip, er den klart største arbeidsplassen.

### 3.3. Kultur og idrett

Det er eit aktivt kulturliv i bygda, med særleg rike tradisjonar innan musikk. Det vert lagt stor vekt på å formidle den kulturelle arven til nye generasjonar, m.a. gjennom ei storsatsing på bygdebokarbeid og lokalkulturprogrammet "Fusanisto" for skulane. Dei seinare åra har det også utvikla seg eit eige kunstnarmiljø i kommunen.

Utåt er kommunen særleg kjend for skiskyttarmiljøet sitt, med tyngdepunkt i Hålandsdalen. Her er det bygd opp både idrettsanlegg og næringsverksemd knytt til skiskytinga.

### 3.4. Skule og utdanning

Det er barneskular/oppvekstsenter i Nore Fusa, Eikelandsosen, Fusa, Holdhus, Baldersheim, Vinnes (privatskule) og Strandvik. Sams ungdomskule for heile kommunen ligg i Eikelandsosen. Der finn ein òg Fusa vidaregåande skule. Fusa VGS har vakse mykje dei siste åra, og fått mange elevar også frå bygdene kring Fusa. Det skuldast ikkje minst ei kreativ utvikling av nye linjetilbod, m.a. innan skiskyting.

### 3.5. Sosiale tilhøve

Dei sosiale tilhøva er gode, prega av allmenn velstand. Men den desentraliserte strukturen og spreidde busetnaden kan skape grobotn for einsemd. Dette merkast særleg mellom dei eldre, som ikkje er så mobile. Det er også ei utfordring for dei etter måten mange innvandrarane, som gjerne kjem frå kulturar med store og tette sosiale nettverk. Rusproblem i ulike aldersgrupper er vi kjende med også her. Det er ein veldriven sjukeheim i Eikelandsosen (Fusa bu og behandlingssenter), dagsenter for eldre her og på Baldersheim og bufellesskap for utviklingshemma i Eikelandsosen.

## 4. FUSA SOKN

### 4.1. Struktur og organisering

Fusa sokn fell geografisk saman med Fusa kommune, og har 3700 medlemmer. Fram til 1998 var soknestrukturen bestemt av den gamle kommuneinndelinga. Etter eit grundig forarbeid, vart då dei 4 sokna slått saman til eitt. Samstundes vart det oppretta kyrkjelydsutval knytt til dei einskilde kyrkjene. I tråd med ei auka vektlegging av at heile soknet er ein kyrkjelyd, har dei tidlegare kyrkjelydsutvala no fått nemninga kyrkjeutval. Prestane har vore faste medlemmer av kyrkjeutvala. Men etter reduksjonen av presteresursane i soknet, møter prestane no berre etter behov.

Ved soknesamanslåinga vart det vidare oppretta fagutval for eigedomar, kyrkjeblad, dåpsopplæring, diakoni og ungdomsarbeid - med heile soknet som sitt ansvarsområde. Over tid har det kome til nye fagutval innan kyrkjekunst og misjon. Alle fagutvala har ein representant frå soknerådet. Slik får soknerådsmedlemene brukt den særlege kompetansen og interessa si i kyrkjelydsarbeidet, og arbeidet i soknerådet og fagutvala vert knytt saman. Alle utvala er oppnemnde av soknerådet.

Ved siste visitas var det sett i gang eit strategiarbeid i soknet gjennom eit eige utval. Arbeidet var knytt til "Naturleg kyrkjevekst". Det gav mykje nyttig informasjon om situasjonen i

soknet, men var svakt forankra i soknerådet og soknet i det heile. Etter ei oppsummering i soknerådet vart det difor avslutta, og dei strategiske vurderingane vart lagt til det allmenne soknerådsarbeidet. Men dei siste åra er det blitt gjort eit systematisk strategiarbeid i regi av eit utvida sokneråds-AU. Dette arbeidet resulterte i soknerådet sin strategiplakat, som vart vedteken i 2011.

## 4.2. Soknerådet/Fellesrådet

Soknerådet i Fusa har 9 faste medlemmer (8 valde + sokneprest) og 5 varamedlemmer. Sidan det er berre eitt sokn i kommunen, er soknerådet også fellesråd. Sokneråds- og fellesrådsakene vert handsama i same møtet, men i ulike bolkar, med soknerådssakene først. Kommunal representant tiltrer rådet i fellesrådsaker.

Soknerådet har om lag 8 møter i året. AU, med leiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar (sekretær) møtast oftare, og fungerer som strategisk leiarorgan for soknet. Sakene vert grundig førebudde av dagleg leiar i samråd med leiar. Soknepresten førebur og gjev innspel til saker som er teologisk og strategisk relevante.

Særleg ved dei siste kyrkjelege vala er det lagt ned mykje arbeid i å styrkje det allmenne engasjementet i kyrkjestyret. Kandidatane og valet er såleis blitt gjort grundig kjend, og valstadane er mange og lett tilgjengelege. Ved siste val tok 36% av kyrkjemedlemmane del i soknerådsvalet.

I denne soknerådsperioden er desse faste medlemmer av rådet:

Bodil Samnøy (leiar), Ottar Midtrød (nestleiar), Hans Magne Kvåle, Heidi Chatrine Bergesen, Randi Hauge, Siriann Vestbø, Roald Samnøy, Anders Holmefjord. Kommunal representant i fellesrådet: Steinar Skår.

## 4.3. Tilsette

<b>Kyrkjeverje/dagleg leiar</b>	Harald Geir Sæther. Tilsett sidan 1997. Stillingsprosent: 100
<b>Kantor</b>	Iman de Zwarte. Tilsett sidan 1998. Stillingsprosent: 100.
<b>Organist II</b>	Orgel-elevar frå Kongshaug musikkgymnas vert engasjerte til einskildtenester.
<b>Kyrkjelydspedagog</b>	Norunn Rød Markhus. Tilsett 2006, etter at Fusa blitt forsøkskyrkjelyd for trusopplæring. Stillinga vart då utvida frå ei mindre deltidstilling, innan dåpsopplæring. Stillingsprosent: 80.
<b>Ungdomsarbeidar</b>	Hans Einar Markhus. Tilsett sidan 2006, då det vart frigjort midlar i samband med trusopplæringsprosjektet. Stillingsprosent: 80.
<b>Medarbeidarkoordinator</b>	Hartvig Haugen. Tilsett sidan stillinga vart oppretta i 2007. Stillingsprosent: 50. Går for tida i 25%.
<b>Førstesekretær</b>	Grete Tveitnes. Var i same stillinga også ved siste visitas. Kontordag to dagar i veka. Stillingsprosent: 40.
<b>Kyrkjetenarar</b>	Rianne de Zwarte i Fusa og Strandvik kyrkjer. Terje Rød i Hålandsdal kyrkje og Sævareid kapell. Øyvind Nordbø i Sundvor kyrkje. Alle kyrkjetenarane har vore i stillingane i mest heile visitasperioden. Stillingsprosent til saman: 87.

<b>Sokneprest</b>	Roar Strømme. Tilsett i 2005, då tidlegare sokneprest Ingvard Hageberg slutta ved oppnådd pensjonsalder. Stillingsprosent: 100.
<b>Kapellan</b>	Knut Ivar Askeland. Tilsett i 2008 etter at kapellan Svein Bjørhovde døyde i 2007. Dei 3 åra kapellan Bjørhovde var ute av tenesta grunna alvorleg sjukdom, vart stillinga delvis dekkja av ulike vikarar. Frå 01.01.12 har inntil 40% av kapellanstillinga vore disponert av prostiet. Stillingsprosent er såleis no 60.
<b>Frivilligsentralen</b>	Astrid Heidal. Tilsett sidan 2003 då sentralen vart oppretta. Stillingsprosent: 60. Gunn Tove Rød, tilsett i 2008. Stillingsprosent 40. Frivilligsentralen har eige styre, men er eigd av soknerådet.

Dei tilsette medarbeidarane har base i tenlege lokale på Kyrkjekontoret i Fjorden senter. Alle tilsette, utanom kyrkjetenarane og leiaren for Frivilligsentralen, møtast til stabsmøte tysdag morgon. Dei soknerådstilsette vert tett følgde opp av kyrkjevevja, m.a. med eigne møte for kyrkjetenarane. Sokneprest og kyrkjevevja har dagleg kontakt og samråding. Dei lengre linene og årsrytmen i arbeidet vert drøfta på ein semesterviss planleggingsdag, og nedfelt i ein halvårig tiltaksplan.

#### **4.4.Soknet – strategisk vurdering.**

Organisasjonsmodellen har i det store og heile synt seg tenleg. Aktivitetsnivået i dei ulike utvala er rett nok svært ulikt. Men modellen gjev stabilitet og samanheng i arbeidet i soknet. Utfordringa ligg i rekruttering og oppfølging av medlemmane. Medarbeidarsatsinga dei siste åra har såleis vore viktig også i denne samanhengen. Dette må det leggest arbeid i også i tida som kjem.

Samanslåinga til eitt sokn har skapt betre samanheng og samarbeid. Det må like vel arbeidast vidare med samhaldet i soknet, og forståinga av soknet som ein kyrkjelyd. Fordelinga mellom det lokale og det sentrale, er ei stadig aktuell problemstilling, sidan soknet er så vidstrakt og grisgrendt. Det må såleis arbeidast vidare med arbeidsfordeling og samarbeid mellom fagutval og kyrkjeutval. Like eins mellom utvala og dei tilsette.

At soknerådsmedlemer sit i fagutvala gjev god kontakt mellom fagutval og sokneråd.

Kontakten mellom kyrkjeutval og sokneråd er meir krevjande. Men der vil vi no prøve med ein fast kontaktperson i staben for kvart utval.

Soknerådsarbeidet er gjevande, men tidkrevjande. Ikkje minst i desse reformtider, sagnast det såleis tid og kapasitet til eit meir grundig og langsiktig arbeid i saker som er viktige for soknet.

Sakene er godt førebudde med grundige sakspapir. Dette krev mykje arbeid av fyrst og fremst dagleg leiar, men også av AU. Arbeidsforma føreset såleis eit aktivt, arbeidande AU, som i praksis vert den strategiske leiargruppa i soknet.

Vi har ein arbeidsglad stab, som yt mykje og som vil enda meir. Mangfaldet i staben fungerer jamt over konstruktivt. Der er stor vilje til å arbeide saman, på tvers av profesjonsgrensene. Det er naudsynt, men krevjande, å vurdere dei mange ideane og prosjekta mot kapasitet og ei berekraftig arbeidsform. Det vert såleis viktig å ta vare på dei tilsette vi har, slik at dei kan leve vel med arbeidet sitt over tid og i ulike livsfasar.

## 5. FUSA KYRKJELYD

Vi nyttar termen Fusa kyrkjelyd i denne delen, for å markere at det er tale om det åndelege livet i Fusa sokn.

### 5.1. Generell vurdering

Fusa har vore prega, dels av ein sterk tradisjonell “kyrkjekristendom” der kyrkje og kristendom har sin naturlege plass - og dels av bedehuset med verksemd knytt særleg til indremisjonen og misjonssambandet. Slik er det framleis. Samstundes har også Fusasamfunnet fått preg av både den allmenne sekulariseringa og dei nyåndelege straumdraga som gjer seg så sterkt gjeldande i storsamfunnet.

Den folkekyrkjelege tilknytninga kjem til uttrykk ikkje minst gjennom høg oppslutnad om dåp, konfirmasjon og kyrkjeleg gravferd. Vidare ved at dei avgrensa trusopplæringstiltaka har oppslutnad frå ein etter måten høg prosent av dåpskulla. I nokre av bygdene samlar også permanente tiltak som barnekor, sundagsskule og ungdomsklubb, ein stor del av den aktuelle aldersgruppa. Deltaking i gudstenestefeiringa er for låg, men like vel prosentvis høgare enn i dei fleste sokn, og viser ikkje same nedgangen som i kyrkja som heilskap. Den kulturelle tilknytninga til kyrkja syner seg ikkje minst i det allmenne engasjement kring kyrkjebygg og kyrkjegardar.

Det friviljuge lekmannsarbeidet med tilknytning til bedehusa har stått sterkt og vore berar av det åndelege livet i fleire av bygdene frå første del av førre hundreår. Verksemda i fleire av bedehusa har minka dei seinare åra. Men særleg i det moderne og tenlege bedehuset i Eikelandsosen er det stor aktivitet, prega av både tradisjonelle og nye arbeidsformer. Bedehusfolket og det aktive kyrkjefolket er langt på veg samanfallande. Nokre med tilknytning til bedehuset held seg rett nok borte frå kyrkja og gudstenesta. Men for dei fleste handlar nok dette meir om vane og tradisjon, enn om prinsipp. På same måte har ein del av dei kyrkjeaktive inga tilknytning til bedehuset.

Særleg bedehuset i Eikelandsosen er mykje brukt av kyrkjelyden, både til gudstenester, trusopplæring, ungdomsarbeid og andre samlingar. Den sterke opptrappinga av den kyrkjelege aktiviteten dei siste åra, ikkje minst i samband med trusopplæringsreforma, er i det store og heile blitt tatt imot med takksemd i bedehusmiljøet. Mange tek også del i dette gjennom utval og som leiarar. Men det er ei utfordring at når ein slit med leiarslitasje og manglande rekruttering i det uløna arbeidet, ikkje minst for barn og ungdom, er det lett å overlata arbeidet til kyrkjeleg tilsette. Dette vil kunne medføre ei i negativ forstand profesjonalisering av kyrkjelyden, der det meste av arbeidet vert utført av tilsette. Ikkje minst av den grunn er satsinga vår på dei uløna medarbeidarane viktig.

Eit særskilt innslag i det åndelege livet i Fusa er Holdhus kristne forsamling (HKF). Forsamlinga har sitt utgangspunkt i ei vekking på 1940-talet, med eit kyrkjekritisk preg. HKF har tradisjonelt stått ”venstre-sida” i bedehusmiljøet nær. Men dei seinare åra har dei framstått klårare som ei eiga forsamling, skild frå både bedehus og kyrkje, og med eit tilnærma baptistisk dåpssyn. Kyrkjelyden har ikkje noko organisert samarbeid med forsamlinga, men har god kontakt på det personlege planet. Kyrkjelyden ynskjer å ha eit godt forhold til alle kristne grupperingar i Fusa. Men i ei så lita bygd kan det opplevast smerteleg når kristne deler seg i særflokkar.



## 5.2.Strategi

### 5.2.1. Kva har Gud på gang i Fusa?

”Kva har Gud på gang i Fusa?” Slik har vi spurd ved årsmøta dei siste åra, og slik må vi spørje igjen. Ikkje fordi vi trur at kyrkjelyden er einaste staden Gud gjer si gjerning i Fusa. Men fordi vi er ein kristen kyrkjelyd, som har forventingar til Gud, og som gjerne vil stå i hans plan for soknet. Det handlar om å lytte til Guds tale og sjå etter Guds gjerningar hos oss, og handle der etter.

I dette ser vi stykkevis og delt. I det strategiske arbeidet har vi difor prøvd å hente inn impulsar frå alle deler av kyrkjelyden. Samstundes er det viktig å få samla dei viktigaste elementa i den strategiske satsinga frametter i eit heller kortfatta dokument. Strategi-plakaten vår er eit forsøk på dette.

### 5.2.2. Hovudmål: Kyrkjelydsbygging.

Kyrkjelydsbygging som hovudtema er vald både ut frå at det er eit av hovudmåla i visjonen for bispedømet og at det har ein dynamikk både innåt og utåt i soknet, som vi særleg treng i tida frametter.

Innåt er det trong for å bygge sterkare fellesskap i eit spreidd og mangfaldig sokn, der også vi er prega av individualismen i tida. Samstundes treng vi ei fordjuping i trua og tenesta, slik at vi ikkje vert ein aktivitetsskyrkjelyd som er fattig på relasjonar både til Gud og kvarandre. Utåt er det trong for ei stendig påminning om at vi aldri må bli oss sjølv nok, men stadig vere vend mot andre i vitnemål, trusopplæring og teneste.

Under og over det heile ligg at vi primært er mottakarar av Guds gode gåver, og gjev vårt svar på dette i form av tru, tilbeding og teneste: ”Gud gir – vi deler!”

Dei fire fokusområda gudstenesteliv, soknefellesskap, barn/unge og medarbeidarskap følgjer av den overordna målsetjinga og dei utfordringane og ressursane som er særleg tydelege her hos oss i den næraste framtida.

### 5.2.3. Satsingsområde

**Gudstenesteliv** er vald fordi dette er sjøve pulsslaget i kyrkjelyden, der Gud gjev oss det som er hans, og vi gjev han det som er vårt, - til tru, tilbeding og teneste. Dessutan vil det stå særleg høgt på dagsorden no frametter, grunna den komande gudstenesteforma, og dei strategiske vala vi må gjere både med omsyn til innhald, tid og stad for gudstenestene.

**Soknefellesskap** er vald fordi vi ser at vi treng å bygge eit fellesskap for heile soknet, samstundes som vi legg til rette for lokale grupper og fellesskap. Dette er ei særleg utfordring grunna geografien og historikken til soknet. Men det gjev oss også høve til å skape noko nytt og godt. Kanskje kan vi finne eit betre ord for dette enn ”soknefellesskap?”

**Barn og unge** er vald fordi desse ikkje berre er kyrkja i framtida, men ein vesentleg og vital del av kyrkja no. Hos oss er dette blitt særleg synleg gjennom trusopplæringsreforma og utbygginga av ungdomsarbeidet, der vi har både gode røynsler og god kompetanse.

**Medarbeidararskap** er vald ikkje berre fordi vi har særleg arbeidd med dette siste åra, men også fordi vi trur at framtida for kyrkjelyden i stor grad er avhengig av vi alle forstår oss som medarbeidarar. Endringar i staben og ressurstilgangen der gjer dette ekstra viktig. Også på dette området har vi gode røynsler og kompetanse som må vidareførast.

### 5.2.4. Dobbelstrategi: Breidde og djupn

I botnen av det heile ligg ein dobbel-strategi, ”*breidde og djupn*”, til grunn for verksemda. D.v.s. at ein ynskjer å femne vidt slik at flest mogeleg kjenner seg knytte til kyrkjelyden,

samstundes som ein legg til rette for åndeleg fordjuping og vokster for dei som er motiverte for det.

Mykje av *breiddearbeidet* brukar dei allmenne livsrøynslene og naturlege nettverka i bygda som tilknytingspunkt. Det vil seie at mykje av det må vere krinsorientert, knytt til den lokale kyrkja og livsrytmen i bygda. For det mest mobile alderssjiktet, særleg ungdomane, vil dette breiddearbeidet også kunne gå føre seg sentralt. Døme på dette er ungdomsklubben i Eikelandsosen. Også småbarnsfamiliane kan eit stykke på veg nåast gjennom sentrale tiltak. Døme på dette er baby-song, fellessamlinga for 4-åringane og familiemix.

Breidde-arbeidet er såleis primært knytt til kyrkjekrinsane og gudstenestene der. Men noko av dette arbeidet går også føre seg sentralt, men er då ikkje så ofte gudstenesteorientert.

*Fordjupingsarbeidet* er mindre knytt til dei primære livsytringane, og meir mot den åndelege motivasjonen for tru, tilbeding og teneste i eit kristent fellesskap. Dermed vil mykje av dette gå føre seg meir sentralt, der ein søker saman for å finne eit fellesskap med Gud og medkristne. Døme på dette er medarbeidargudsteneste, forbønsgudsteneste, bibel-, bøn- og lovsongskveldar, kyrkjelydshelg med gudsteneste og liknande.

### 5.3. Gudstenestefeiringa

#### 5.3.1. Generelt

I Fusa feirar vi gudsteneste ofte og med glede. Dette gjer vi for å takke og ære Gud, og for å få hjelp til tru og teneste. I tråd med dette legg vi vekt på gudstenesta som kyrkjelyden si sams feiring. Vi kunngjer difor ikkje kva prest som gjer teneste. Kyrkjelyden vert engasjert som medliturgar i ulike oppgåver, og vi prøver å følgje desse opp med eigne samlingar. Kyrkjekoret medverkar jamleg, og kor og musikkgrupper frå bygda ved einskilde gudstenester.

Vi har utvikla ei eiga "lavterskel-gudsteneste" tilpassa lokalitetane på bedehuset. Like eins vandre-, pilegrims- og friluftsgudstenester med tilknytning til natur og kultur i soknet. Fleire av kyrkjene er rusta opp med omsyn til liturgisk utstyr som lysglobe og kyrkjeårsprega tekstilar.

Det er årleg om lag 115 gudstenester i Fusa med vel 8000 deltakarar. Utviklinga dei seinare åra tyder på at dei typisk "folkekyrkje-gudstenestene", som julaftan, konfirmasjon og gudstenester som er særleg knytte til trusopplæringa, samlar minst like mange som før. Medan dei regulære gudstenestene, som gjerne har vore prega av dei som går meir jamleg i kyrkja, samlar noko færre enn før.

#### 5.3.2. Gudstenestefordeling

Gjeldande gudstenestefordeling vart fastsette av biskopen i 1999. Den er tufta på ei inndeling av soknet i to "gudstenesteområde", nordre og søre, som skal ha gudsteneste kvar sundag.

NORDRE		SØRE	
Strandvik	20	Hålandsdal	20
Fusa	27	Sævareid	11
Eikelandsosen	(4 av Fusa)	Sundvor	21
Holmefjord	5		
Til saman	52		52

Gudstenestestatistikken syner at dei siste åra har ein lege nær kvoten for Holmefjord og Hålandsdal, noko over for Fusa/Eikelandsosen og noko under for Sævareid, Sundvor og Strandvik. For Strandvik har talet gått ned særleg siste året.

Fordelinga av gudstenester må sjåast på bakgrunn av endringar i folkesetnad, kommunikasjonar, ressursar og strategi. Det høyrer og med i biletet at den store kyrkja i Strandvik, med oftast få gudstenestefeirande, er krevjande og dyr å varme opp om vinteren.

For å styrke samhaldet i soknet og opplevinga av at vi er ein kyrkjelyd, har vi også lagt meir opp til at vi einskilde sundagar samlast alle til ei gudsteneste, oftast i Fusa eller Eikelandssosen. Vidare har vi lagt opp påskefeiringa, og eit stykke på veg jul og pinsefeiringa, som ei ”kyrkjevandring”, der det vert feira gudsteneste i berre ei kyrkja på kvar helgedag. I sommarmånadane er der, grunna manglande vikarressursar, prest tilgjengeleg for berre ei gudsteneste kvar sundag i soknet.

### **5.3.3. Høgmesser**

Dei fleste av gudstenestene våre vert feira som høgmesse med nattverd. Det vert lagt vekt på å gje gudstenestene kyrkjeårspreg. Men dette er ikkje alltid så lett når gudstenestekabalen skal leggst med omsyn til ikkje berre kyrkjeår, men kyrkje, ulike trusopplæringstiltak, lokale tradisjonar og dåp. Vi feirar nattverd også når det er dåp, men då med intinksjon. Gudstenestene på Bygdaheimen i Holmefjord er utan dåp og nattverd. Ved nokre av høgmessene er der eige opplegg for borna under preika, men ikkje alle kyrkjene har lokalitetar til dette. Det ligg såleis ei stor utfordring i å leggje høgmessa til rette som hovudsamling for alle aldersgrupper i kyrkjelyden.

### **5.3.4. Familiegudstenester**

Det er om lag 25 familiegudstenester i året i soknet. I tillegg kjem barnehage- og skulegudstenester. Vi feirar gudstenester, med særleg omsyn til barn og unge, etter i hovudsak to ordningar:

- **Familiegudstenester i kyrkjene.** Dei fleste av desse er knytte til faser i trusopplæringa. Vi følgjer i hovudsak ordninga for familiegudsteneste i altarboka. Oftast er det dåp, men ikkje nattverd. Nokre få av familiegudsteneste, som ikkje er fase-tilknytte, vert feira som familiemesse med nattverd. Der ligg eit potensiale i å utvikle desse, særleg gjennom involvering av dei eldste borna.
- **Familiemix** – Familiegudsteneste på Eikelandssosen bedehus. Dette er ei familieorientert samling på sundag ettermiddag, som opphavleg vaks fram som eit supplement til gudstenestelivet. Men i 2005 vart ho tatt inn i gudstenesteordninga som kyrkjelyden si hovudsamling på 4-6 sundagar i året. Dette vart godkjent av biskopen som ei forsøksordning. I samband med det vart innhaldet vidareutvikla liturgisk, slik at hovudelementa i gudstenesta er med. Familiemix vert førebudd av eigne ansvarsgrupper og organisert av kyrkjelydspedagogen i samråd med liturgen. Musikken er band-basert og ein brukar gjerne audiovisuelle hjelpemiddel. Det er ikkje dåp eller nattverd. Etter gudstenesta er det mat og prat og lagt til rette for lek for borna. Familimix samlar oftast 80-120 deltakarar og er blitt ein viktig del av gudstenestelivet og trusopplæringa i soknet, som vi gjerne vil utvikle vidare.

### **5.3.5. Andre gudstenester**

Vi har dei seinare åra vidareutvikla tradisjonen for gudstenester utanom kyrkjehuset. Såleis feirar vi friluftsgudsteneste på Bygdastølen 2. påskedag, Vinnesholmen 2. pinsedag og Fusafjellet helgetorsdag. I tillegg kjem einskilde andre friluftsgudstenester. Vi har også utvikla ein liten tradisjon for pilegrimsvandring som gudstenesteform, m.a. på den gamle postvegen mellom Fusa og Strandvik kyrkje. Olsokdagen er det ein sterk og god tradisjon for gudsteneste i Holdhus gamle kyrkje, i samband med stemnedagen for

Hålandsdalen. Den særprega påskennattsgudstenesta i Hålandsdalen har vorte tradisjon dei seinare åra.

### **5.3.6. Dåp**

Vi vel å omtale dåp i dette hovudkapittelet, då dåpen som kyrkjekonstituerande handling høyrer heime i kyrkjelyden si gudstenestefeiring.

Det er år om anna om lag 40-50 dåpshandlingar i Fusa. Dette er rundt 90% av årskullet. Tyngda av dei foreldra som ikkje døyper borna sine er innvandrarar.

All dåp skjer i kyrkjelyden si hovudgudsteneste. Sjølv om dåpane ikkje er så mange, har vi prøvd å samle dei noko, for å kunne gje gudstenestene eit meir einskapeleg preg. Men slik samling er krevjande grunna dåpsfamiliane si sterke tilknytning til lokalkyrkja. Det har vore tradisjon her å leggje dåpen heilt til starten av gudstenesta, med dåpssalmen som inngangssalme. Dette vil bli vurdert i samband med gudstenestereforma.

Vi innførte den nye dåpsliturgien 01.01.12. Røynslene med denne er så langt i hovudsak gode, men han kan opplevast noko lang og ordrik. Dåpsfamiliane eller fadrar medverkar som tekstlesarar. Vi nyttar dåpslys og presentasjon av den døypte. Sidan det ved ei fleste gudstenester med dåp også er nattverd (med intinksjon), vert nattverddeltaking tematisert i dåpssamtalen. Ikkje få i dåpsfølget nyttar høvet til å ta del i nattverden.

Dåpsførebuing og dåpsoppfølging er omtala i kapittelet om trusopplæring.

### **5.3.7. Gudstenestereforma**

Hovudelementa i gudstenestereforma, som involvering, stadeigengjering og gudstenesta som sams feiring, har lenge vore ein del av gudstenesforståinga og praksisen vår. Like eins fleire av dei liturgiske elementa, som å stå ved salmesongen, ulike bønereformer og aktiv bruk av medliturgar. Likevel opplevast det som krevjande å skulle få på plass nye ordningar på så kort tid som det her er tale om.

Reforma er førebudd gjennom eigne tema-samlingar for kyrkjelyden, som gav grunnlag for eit nyetablert gudstenesteutval. Slik har ein fått ny merksemd kring

gudstenestefeiringa og innhaldet i denne. Gudstenesteutvalet har hatt hyppige møter.

Tankane og ideane som har kome fram er mange og mangfaldige. Men arbeidet med dei mange detaljspørsmåla i ordninga har nok mange opplevd som frustrerande og vanskeleg.

I skrivande stund trur vi like vel at vi skal få på plass tre hovudordningar for gudstenestefeiringa, som vi vil vere godt tente med i første omgang. Vonleg har reformarbeidet også skapt så mykje rørsle og kraft i saka, at der er vilje og energi i kyrkjelyden til vidare arbeid med gudstenestefeiringa. Vi trur såleis at når nyordninga vert innført 1. sundag i advent, er dette berre eit steg i fornyinga av gudstenestelivet.

### **5.3.8. Gudstenestefeiringa – strategisk vurdering.**

Gudstenesta er sjølve navet i Fusa kyrkjelyd sitt liv. Vi ynskjer difor å normalisere ei regelbunden gudstenestefeiring, slik at det er ein del av sundagsrytmen å samlast til gudsteneste for alle i kyrkjelyden. Skal det skje, treng vi både gode gudstenestetilbod og gode gudstenestevanar – Gud til ære og menneske til gagn. Dette tematiserer vi jamleg ved gudstenestene og ved årsmøtet i kyrkjelyden.

Men i eit sokn som vårt handlar dette også om gudstenestefordeling. I vurderinga av denne er det mange omsyn å ta, ikkje minst graden av mobilitet i dei ulike aldersgruppene, kommunikasjonar og ressursbruk. Men eit utgangspunkt kan vere den tidlegare omtala dobbelstrategien: Breidde og djupn. Der breiddearbeidet knyter særleg til dei allmenne livsytringane, medan fordjupingsarbeidet knyter til den åndelege motivasjonen i meir snever forstand.

I lys at dette synest *ei desentralisert gudstenestefeiring* eigne seg best når det er tale om folkelege høgtidsdagar, dagar med sterke lokale tradisjonar og fasar i trusopplæringa som har stor oppslutnad. Døme på dette er gudstenester med dåp, 4-års og 11-årsgudstenester, konfirmasjonsgudstenester, barnehage- og skulegudstenester og julegudstenester.

*Ei sentralisert gudstenestefeiring* eignar seg best for ei fordjupinga i trua, tilbedinga og tenesta, anten denne er kyrkjeårs- eller temaorientert. Døme på dette er regulære høgmesser, påske og pinse-gudstenester, temagudstenester og liknande.

Ein må såleis vurdere om ein har ein tenleg balanse mellom gudstenestefeiringa sentralt og lokalt, både med omsyn med talet på gudstenester og kva karakter dei skal ha.

Eit utgangspunkt for denne drøftinga kan vere gudstenesteplanen for hausten 2012, der vi forsøksvis har lagt til grunn:

I det nordre området, Strandvik/Fusa/Eikelandssosen/Holmefjord, er det gudsteneste kvar søndag. Annankvar søndag er det gudstenesta berre i Fusa kyrkje. I fordelinga av gudstenestene på dei andre søndagane er prioriteringa Hålandsdalen, Strandvik, Eikelandssosen, Holmefjord. Det samla talet på gudstenester i dette området vert om lag som etter 1999-ordninga.

I det søre området, Sævareid/Sundvor, er det gudsteneste minst annankvar søndag.

Tyngda av desse er i Sundvor. Det samla talet på gudstenester i dette området er noko lågare enn etter gjeldande forordning.

Vi vonar at visitasen kan verke avklarande med omsyn til gudstenestefordelinga. Slik at vi kan få drøfta dette meir systematisk, som grunnlag for ein ny gudstenesteplan for soknet.

## 5.4. Fellesskap og medarbeidarskap

### 5.4.1. Generelt

Som kyrkjelyd forstår vi oss sjølve ikkje berre som ein flokk einskildkristne, men som Guds folk og Kristi kropp i lokalsamfunnet. Difor ønskjer vi å byggje kyrkjelyden som eit storfellesskap for heile soknet, med rom for lokale fellesskap. Sidan eit kristent fellesskap er eit tenande fellesskap, ser vi på alle i dette fellesskapet som medarbeidarar.

Vi har såleis som strategisk målsetjing av vi skal hjelpe kvarandre til å finne kvar vår plass i kyrkjelyden, - til vekst og glede i tenesta for andre.

### 5.4.2. Fellesskapsbygging

Vi ser på gudstenestefellesskapet som det primære fellesskapet i kyrkjelyden. Dette arbeider vi stadig med å auke medvitet om. Samstundes ser vi at gudstenestefellesskapet må supplerast med andre fellesskap, på ulike nivå i kyrkjelyden. Viktige element i dette:

- *Bibel, bøn og lovsong (BBL)*. Dette er fellesskapskveldar i Eikelandssosen bedehus med vekt på Bibelundervisning, lovsong og høve til forbøn både for den einskilde og for fellesskapet. Vi har 4-5 BBL-kveldar i året. Vi arbeider med forma på desse vidare.
- *Bibel – og samtalegrupper*. Desse vert organiserte privat og lever på mange måtar sitt eige liv, men er viktige møteplassar for samtale om tru og liv.
- *Kyrkjelydshelg*. Vert skipa til annankvar vår på ein leirstad, med Bibelundervisning, sosialt fellesskap, gudstenesteverkstad og avsluttande gudsteneste i Holmefjord. Samlar 80-100 deltakar i eit stort aldersspenn.

- *Møte på bedehuset.* Disse er ikkje i soknet sin regi. Men dei er like vel viktige fellesskaps-samlingar i kyrkjelyden, som er med på å dekke behovet for fordjupande forkynning.

#### **5.4.3. Medarbeidarsatsinga.**

Mykje av medarbeidarskapen er uorganisert og går føre seg i det stille. Men vi har over tid sett at det er trong for meir oppfølging med medarbeidarane, både gjennom litt organisering, rekruttering og ikkje minst gjennom oppmuntring og støtte. Vi starta difor i 2007 eit medarbeidarprosjekt for betre å rekruttere og halde på medarbeidarar gjennom ein eigen medarbeidarplan. Ei god hjelp til dette er at vi fekk tilsett medarbeidarkoordinator i kyrkjelyden. Viktige element i medarbeidarplanen er:

- Kall og oppmuntring til medarbeidarskap gjennom forkynninga
- Personleg rekruttering og oppfølging av medarbeidar
- Medarbeidargudsteneste ved semesterstart
- Medarbeidarsamlingar - særleg for gudstenestemedarbeidarane og utvalsmedlemene
- Medarbeidarhelsing med bibel-leseplan ved starten av nytt kyrkjeår
- Medarbeidarturar og sosiale samlingar for medarbeidarane – subsidiert av soknet
- Organisering av dugnader og liknande
- Organisering av gjevarteneste
- Fordjuping og utrusting for unge medarbeidarar

Vi har no om lag 150 registrerte, uløna medarbeidarar i soknet.

#### **5.4.4. Strategisk vurdering.**

Noko av behovet for fellesskapsbygging vert dekkja av tiltaka som er nemnde ovanfor. Men vi ser klart at det der er eit udekkja behov for fellesskapsamlingar, med Kristus-nær og livsnær undervisning og samtale. Kyrkjelyden har tidlegare hatt Alfa-kurs, som har betydd mykje for mange, ikkje minst i dette stykket. Noko slikt eller tilsvarande har vi ikkje hatt på mange år. BBL-kveldane dekkjer noko av dette behovet. Men der er framleis eit behov for fellesskapsformer der vi kan få påfyll ved livskjelda og hjelpe og støtte kvarandre i tru og liv. Her ligg det ei oppgåve for oss som kyrkjelyd som bør ha høg prioritet i tida som kjem.

Satsinga på medarbeidarskap har vore både naudsynt og gjevande. Men vi ser at det trengst fleire medarbeidarar på mest alle område. Slik står vi i fare for å "forstrekkje" oss, i møte med alle behova. Det vil ingen vere tent med.

Samla sett må vi få betre balanse mellom "uttak" og "inntak" i kyrkjelyden. No står vi i fare for å verte så aktivitetsorienterte at vi tappar kyrkjelyden for ressursar, utan at vi syter for tilsvarande påfyll. Vi treng såleis både tid og rom for kvile og kveik i trua og tenesta.

## **5.5. Trusopplæring – born og unge**

### **5.5.1. Generelt**

Fusa kyrkjelyd har prioritert trusopplæring i mange år. Det meste av opplæringa har vore knytte til permanente tiltak som sundagsskule, kor og klubb, drive av dei kristne organisasjonane. Men frå år 2000 vart det sett i gang eit forsøk med systematisk trusopplæring i soknet sin regi, støtta av OVF. Etter innføringa av trusopplæringsreformen vart vi i 2005 forsøkskyrkjelyd for aldersgruppa 0-6 år, med prosjektet: "Rom for alle – rom for deg. Trusopplæring steg for steg." Eit viktig element i dette var utviklinga av ein eigen dåpsperm for Fusa. Frå 2010 har trusopplæringa vore eit permanent satsingsområde

for aldersgruppa 0-18 år. Det er vedteke ein førebels trusopplæringsplan for soknet, og trusopplæringa er godt intergrert i gudstenestelivet og kyrkjelydslivet i det heile. Kyrkjelydspedagogen har hovudansvar for trusopplæringa i alderen 0-12 år. Ungdomsarbeidaren for 13-18 år. Kapellane er hovudansvarleg for konfirmantåret, og sit i trusopplæringsutvalet og ungdomsutvalet. Prinsipielle spørsmål og planar vert drøfta med soknepresten, som og tek del i undervisninga. Trusopplæringsutvalet og ungdomsutvalet er viktige ressursar i dette arbeidet, både som kompetansegrupper og ved å ta eit tak der det trengs.

I 2012 II vert prostiet innfasa i trusopplæringa. Dette medfører vesentleg reduksjon i overføringa av trusopplæringsmidlar til soknet. Men det kan også opne for ressursutveksling på ein skilde område i prostiet.

### **5.5.2. Trusopplæringsprogrammet**

Trusopplæringa er bygd opp kring:

- *Dåpsførebuing*. Prestane har samtale med alle dåpsforeldre. Familiane får dåpspermen og innføring i kyrkjelyden sitt trusopplæringsprogram for førskulealderen.
- *Dåpsgudsteneste*. Sjå eigen omtale under pkt. 5.3.6 .
- *"Musikk frå livets begynnelse"* (MFLB) med avsluttande foreldre- og fadderfest. Song, musikk og fellesskap med foreldre og barn. Samla for heile soknet. MFLB vert drive i samarbeid med kulturskulen. Tiltaket er svært viktig som relasjonsbygging til foreldra og som grunnlag for vidare trusopplæring. 80-90% av årskullet tek del.
- *3-årsfasen*. Adventfest/familiemix med utdeling av adventskalender. Samla for heile soknet. Oppslutnad på om lag 70%.
- *4-årsfasen*. Fellessamling i Eikelandssosen ein ettermiddag, og deretter utdeling av barnebibel ved gudsteneste i lokalkyrkja. Oppslutnad på om lag 80%.
- *6-årsfasen*. Dåpsskule med avsluttande gudsteneste. Vert førebels drive i 3-4 krinsar. Samla avslutningsgudsteneste. Oppslutnaden varierer sterkt frå krins til krins, men er i snitt om lag 60%.
- *8-årsfasen*. Tårnagenthelg med avsluttande gudsteneste/familiemix. Samla for heile soknet. Oppslutnad på om lag 60%.
- *11-årsfasen*. Utdeling av spesial-Bibel i lokalkyrkja. Oppslutnad på om lag 90%.
- *Konfirmantåret* med avsluttande konfirmasjonsgudsteneste. Sjå eigen omtale under pkt 5.5.4.

Oppslutninga om dei ulike fasane er jamt høg, særleg når tiltaka vert drivne lokalt. Men slik desentralisering er svært ressurskrevjande. Einingane og plasseringa av tiltaka må såleis tilpassast storleiken på alderskullet, mobiliteten til aldersgruppa og tilgjengelege ressursar.

Dåpspermen for Fusa er "pensum" for trusopplæringa i førskulealderen. Det er også i denne aldersgruppa trusopplæringa står sterkast hos oss.

### **5.5.3. Anna barnarbeid – kontinuerlege tiltak**

Ein stor del av barnarbeidet er knytt til trusopplæringa. Men det vert og drive sundagsskule og barnekor i fleire av krinsane. Oppslutninga om desse varierer, og fleire slit med leiarmangel. Det kontinuerlege barnarbeidet er like vel svært viktig, ikkje minst som både basis og fordjuping i trusopplæringa. Særleg i 4-årsfasen i trusopplæringa

prøver vi å knyte borna til det kontinuerlege barnearbeidet. Fleire av einingane medverkar også ved familiegudstenester.

#### **5.5.4. Konfirmantåret**

Konfirmantåret har til vanleg oppslutnad frå om lag 90% av årskullet og 95% av kyrkjemedlemene. Konfirmantundervisninga vert driven av prestane, i nært samarbeid med ungdomsarbeidaren, og med god støtte frå ungdomsutvalet.

Konfirmantåret er bygd opp kring desse elementa:

- *Foreldrekveld.* Foreldra vert samla til informasjon og drøfting. Samstundes vert ungdomsklubben introduserte for dei nye konfirmantane.
- *Presentasjonsgudsteneste.* I dei lokale kyrkjene.
- *Konfirmantleir.* Ei helg i september på Raknestunet, med undervisning, fellesskap, friluftsliv og gudstenesteverkstad. Vert avslutta med gudsteneste i Holmefjord, som konfirmantane står for. Ungdomsarbeidaren og ungdomsutvalet har hovudansvar for leiren.
- *Konfirmanttimar i kyrkjene.* I lokal kyrkje om kyrkja, gudstenesta og sakramenta.
- *Konfirmanttimar på skulen.* 8 timar i skuletida med undervisning.
- *Konfirmanttimar på bedehuset.* 2 temakvelder i Eikelandsosen bedehus, linka mot ungdomsklubben.
- *Tenesteaksjonar.* Kalenderaksjon i november til inntekt for ungdomsarbeidet. Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp.
- *Interesse og tenestegrupper.* Ulike grupper med tenestepreg.
- *Gudstenester.* Deltaking i 8 gudstenester.
- *Road-service.* Ein temadag med tilreisande ungdomsteam.
- *Konfirmantsertifikat.* Grunnleggjande Bibel- og truskunnskap som konfirmantane vert ”sertfiserte” på i løpet av året.
- *Konfirmantfest.* Felles fest for konfirmantar og foreldre.
- *Konfirmasjonsgudsteneste.* I dei lokale kyrkjene.

Konfirmantåret er nært knytt til ungdomsarbeidet elles. Tilbakemeldingane frå ungdomar og foreldre er gode. Vi trur såleis at vi har funne eit konsept som vi i hovudsak kan halde oss til. For denne aldersgruppa er vi også nær det føreskrivne timetalet i trusopplæringsreforma. Men det kan tvillaust gjerast meir for å integrere konfirmantåret betre i gudstenestelivet. Dette vil vi arbeide med frametter.

#### **5.5.5. Anna ungdomsarbeid – kontinuerlege tiltak**

Ungdomsarbeidet har vorte vesentleg trappa opp etter at vi fekk ungdomsarbeidar, og er no ein vital del av kyrkjelyden sitt liv. Hovudelementa er:

- *Ungdomsklubb i Eikelandsosen bedehus.* Samlar 40-60 ungdomar frå heile soknet på fredagskveldar. Basis for det meste av ungdomsarbeid. Har eige styre.
- *Ungdomsklubb i Fusa.* Mindre og meir lokalt orientert klubb som særleg fangar opp dei yngste ungdomane.
- *Ungdomsmøte.* Klubbkveldar i Eikelandsosen med meir forkynning og åndeleg fellesskap. Mest same oppslutning som på vanlege klubbkveldar.
- *Basic.* Fordjupande tilbod på Eikelandsosen bedehus. Samlar få, men er viktig.
- *KRIK.* Tilbod til ungdom i vidaregåande skule-alder. Samlar få, men har potensiale.
- *Leir.* Tilbod om subsidiert deltaking på kristne leirar og festivalar.



Ungdomsarbeidaren organiserer alt ungdomsarbeidet, med støtte frå ungdomsutvalet. Han har og mykje personleg oppfølging av ungdomane. Ungdomsarbeidaren har god støtte av ungdomsutvalet i arbeidet.

#### **5.5.6. Strategisk vurdering.**

Kyrkjelyden er prega av ei høg prioritering av dette området. Soknet brukar no årleg om lag 1 mill. kr. på barne- og ungdomsarbeidet. Dette er eit stykke på veg ei følge av satsinga på trusopplæring. Det som fell innanfor trusopplæringsprogrammet, inkludert konfirmantåret, utgjer såleis ein vesentleg og aukande del av barne- og ungdomsarbeidet. Men særleg for ungdomsalderen er også det kontinuerlege arbeidet bygd ut. Voksteren i arbeidet for barn og unge verkar vitaliserande ikkje berre i den aktuelle aldersgruppa, men for heile kyrkjelyden. Det skaper også mykje allmenn velvilje i soknet. Satsinga har såleis vore rettkomen.

Vidare utbygging av trusopplæringa må såleis fyrst og fremst kome i aldersgruppa 7-14 år. Men alt no har vi kapasitetsproblem i høve til det vi har starta opp. Då vi neppe kan rekne med fleire tilsette i dette, må såleis fleire uløna medarbeidarar og foreldra involverast. Ny trusopplæringsplan, med meir detaljert "pensum" for kvar aldersgruppe, må utarbeidast. Prioritering og framdriftsplan for utbygging av trusopplæringa vert ei vesentleg oppgåve.

### **5.6. Samarbeid kyrkje - skule - barnehage**

Dette samarbeidet bygg på ein eigen plan, og inngår ikkje i trusopplæringa. Men det gjev born og unge viktig kunnskap og kjennskap til kyrkja og kristentrua, og er ein ressurs for RLE-undervisninga og allmenndanninga til borna. Viktige element er:

- *Julevandring med barnehagane.* Dei eldste gruppene i barnehagane er med på ei julegudsteneste som er bygd opp om at borna dramatiserer juleevangeliet
- *Påskevandring for barnehagane..* Borna dramatiserer hendingane i den heilage veka ved ulike stasjonar i kyrkja.
- *Pinsevandring for 1.-2. klassetrinn.* Grunnleggande kyrkjekunnskap gjennom ei dramatisering av pinsehendingane og innføring i kyrkjeåret, liturgiske fargar m.m. Vi feirar kyrkja sin "bursdag"!
- *"Sjekk kyrkja" for 3.-4. klassetrinn.* Kjennskap til lokalkyrkja gjennom "skattejakt" i kyrkja og innføring i kva kyrkja vert nytta til.
- *"Vandring gjennom Bibelen" for 5.-7. klassetrinn.* Eige pedagogisk opplegg for Bibel-kunnskap gjennom rørsle og utanåtlæring.
- *Ymse klasse/gruppe-besøk* ved kyrkjelydspedagogen. Etter tinging frå barnehagane og skulane.
- *Skulegudstenester i adventstida.* Alle skulane har skulegudsteneste som dei førebur i samarbeid med prestane.

Samarbeidet med skulen og barnehagen er ryddig og godt. Men det er trong for ein revisjon av samarbeidsplanen. Det bør og drøftast korleis ein kan gjere han betre kjend mellom lærarane, slik at skule og barnehage kan nytte kyrkja enda meir som ressurs i undervisninga.

## 5.7. Diakoni

### 5.7.1. Generelt

Diakoni er eit aspekt ved det aller meste som kyrkjelyden steller med, - ikkje minst innan barne- og ungdomsarbeidet. Mykje av tenesta er uorganisert og skjer ved at einskildmenneske syner omsorg for andre. Soknet har eige diakoniutval med særleg ansvar for feltet. Men etter at vi fekk Frivilligsentralen skjer mykje av den organiserte diakonien i regi av denne. Soknet har utarbeidd eigen diakoniplan. Planprosessen var nyttig og god, og fekk sett diakoni på dagsordenen. Men sjølve planen er i lite bruk. Omtalen av vigsel og gravferd er tatt inn i dette kapittelet, då vi ser desse som ein del av kyrkja si diakonale omsorg, og ikkje som meir eller mindre frittstående ”kyrkjelege handlingar”.

### 5.7.2. Vigsel

Talet på kyrkjelege vigslar har gått kraftig ned i visitasperioden. Dette har truleg samband med dei allmenne endringane i samlivsmønsteret i samfunnet, der sambuarskap er blitt allment akseptert samlivsform. Det er såleis ei oppgåve å løfte fram ekteskapet som den Gud-gjevne samlivsforma, som gjev best stabilitet og tryggleik både for familie og samfunnet.

Vi prøver å legge opp til at annankvar laurdag i ”sesongen” er vigselssdag. Dessutan må vigselssdagane koordinerast med resten av prostiet, grunna mangelen på presteressursar. Prestane har samtale med kvart einskilt brudepar. Ein vigslar ikkje fråskilde utan ein avklarande samtale på førehand om grunnlaget for gjengifte. Både dette og reguleringa av vigselstidspunkt kan bli problematisert av dei som ser på vigselen som ein service som ein som ”kyrkjekunde” har rett på.

### 5.7.3. Gravferd

Praktisk tala alle av dei 40-50 årlege gravferdene i soknet er kyrkjelege. Prestane gjennomfører alltid sorgesamtale, oftast i heimen, på førehand. Den nye gravferdsliturgien vart innført så seint som i 2007. Gravferdene er prega av god, kyrkjeleg tradisjon, som tek sorga inn i trua og håpet sitt rom. Der har vore noko problematikk kring song/musikk-val og bruk av innspela musikk. Praksisen vår er at vi ikkje set same krav til song og musikk knytt til minnedelen, som til den i meir snever forstand gudstenestlege delen. Vi nyttar ikkje innspela musikk. Råd og vegleiing for gravferda er lagt ut på soknet sine nettsider.

Vi opplever gravferdene som ein svært viktig del av den diakonale tenesta til kyrkjelyden.

### 5.7.4. Sorgarbeid

Hovuddelen av det organiserte sorgarbeidet i soknet er knytt til gravferder, og den kontakten prestane og andre kyrkjeleg tilsette der har med dei pårørande. Gravferdene og prosessane rundt dei er i det heile ein viktig del av diakonien, der vi opplever at kyrkja sine tenester i stor grad er etterspurde og vert sette pris på. Oppfølging av dei sørgjande gjennom heimebesøk, samtalar og liknande varierer sterkt etter ønskje frå dei pårørande og kapasitet hos prestane. Men jamt over er det for lite av dette. Vi har hatt einskilde tema-kveldar om sorg, men ikkje dei siste åra, grunna låg oppslutning. Soknepresten er med i det kommunale kriseteamet og i kreftomsorgsgruppa i kommunen.

Helgemesse vart alle som har mist nokon av sine inviterte til minnegudsteneste i Fusa kyrkje. Denne samlar mange.

### **5.7.5. Frivilligsentralen**

Frivilligsentralen er eigd av soknerådet, men har eige styre og på mange måtar ei sjølvstendig stilling mellom kyrkjelyd og lokalsamfunn. Viktige arbeidsområde er:

- Ut i naturen. Vekefaste fotturar, primært for pensjonistar, som er blitt ein viktig møteplass for mange.
- Besøk og følgje. Organisering av besøk og følgje til t.d. butikk, lækjar o.s.b.
- TV-aksjonen. Organiserer den årlege TV-aksjonen.
- Senioruniversitetet. Har tatt initiativ til Senioruniversitetet som samlar mange, og som etter kvart har fått eige styre.
- Bruktbuo. Gjenbruksbutikk driven av sentralen, til inntekt for ungdomsarbeid og naudhjelp. Ein viktig møteplass og eit godt miljøtiltak.
- Ferieklubb. "Bu-heime-leir" for skuleborn som treng eit tilbod i skuleferien.

### **5.7.6. Institusjonsteneste**

Prestane vitjar jamleg FBBS, Fjordblikk og dagsenteret ved Baldersheim helsetun. Det vert halde andakt og nokre gongar ei enkel nattverdgdusteneste. Nokre av konfirmantane har besøk på sjukeheimen som interessegruppe. Det er godt samarbeid med institusjonane. Prestane har også vore involvert i noko kursing for helse- og omsorgsarbeidarar i kommunen.

### **5.7.7. Utviklingshemma**

Utviklingshemma har lenge hatt sin naturlege plass i kyrkjelyden. Diakoniutvalet, i samarbeid med Fusa kommune og foreldre-organisasjonane for psykisk utviklingshemma, skipa vi i 2010 til kurset "Bli kjend i kyrka." Dette fekk stor oppslutnad. Vi har prøvd å følgje opp deltakarane ved å innby dei spesielt til nokre gudstenester, der dei gjerne tek del i ulike oppgåver. Gruppa var også med på eit nasjonalt forkynningsprosjekt, der vi utarbeidde og prøvde forkynning knytt til ein av forteljingstekstane i den nye tekstboka for gudstenesta. Resultatet av dette har no kome i bokform.

### **5.7.8. Retttferd - Grøn kyrkjelyd – Fairtrade**

Fusa brukar etter måten mykje ressursar på KN sin fasteaksjon, som årleg får inn 50-60000 kr. Soknet har også hatt ulike spontanaksjonar i samband med hungerkatastrofar, og soknerådet brukar deler av renteinntektene til utviklingsføre mål. Internasjonal solidaritet og retttferd vert jamleg tematisert i forkynninga.

Fusa er "grøn kyrkjelyd". Merksemda om dette har variert. Men temaet er integrert i forkynninga, vi feirar årleg "Skaparverkets dag" og gjennomfører kjeldesortering ved tilskipingane våre. Diakoniutvalet har særleg satsa på å fremje Fairtrade – etisk handel, og har medverka til at kommunestyret har vedteke at Fusa skal vere Fairtrade-kommune. Soknet har to representantar i den kommunale Fairtrade-gruppa. Framdrifta i dette arbeidet har vore dårleg. Men siste året har det blitt tatt nye initiativ for å kome vidare. Saka har og fått meir merksemd i media. Kyrkjelyden brukar Fairtrade-produkt, har eiga Fairtrade-gruppe for konfirmantar som m.a. gjennomfører ein butikktest, og prøver i det heile å skape blest om ordninga.

## **5.8. Misjon**

Vi har ein sterk misjonstradisjon i Fusa, særleg knytt til Bogahalvøya, der fleire misjonærar har røtene sine. Fleire misjonsforeiningar er framleis aktive i soknet, og syter for vesentlege midlar til misjonen.

I mange år har kvar kyrkjekrins hatt sitt eige misjonsprosjekt, gjerne med misjonærar med tilknytning til Fusa. Dette har det kome mykje godt ut av. Men over tid har den lokale tilknytninga til fleire av prosjekta vorte svekka, og det har synt seg krevjande å oppretthalde engasjementet for så mange prosjekt.

Etter ein grundig prosess samla såleis heile soknet seg i 2011 om eit sams misjonsprosjekt: Elevstipend til Tabor utdanningscenter i Hawassa, Etiopia. Tabor er eigd og vert drive av Mekane Yesus – kyrkja, med støtte frå Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Det er NLM som organiserer prosjektet vårt og syter for kontakt med Tabor. Ikkje minst sidan fleire i kyrkjelyden har tilknytning til Etiopia og kyrkja der, trur vi dette kan engasjere mange i kyrkjelyden.

Samstundes ynskjer vi å oppretthalde kontakten med dei misjonærane som er frå Fusa, sjølv om desse ikkje er involverte i misjonsprosjektet vårt.

Til hjelp i dette er det oppretta eit nytt misjonsutval for soknet. Vi bed jamleg for prosjektet ved gudstenestene våre, og støt det gjennom takkoffer og eigne tilskippingar.

## 5.9. Kunst og kultur

### 5.9.1. Generelt

Vi trur at Gud har skapt og frelser oss som heile menneske, med kropp og sjel. Difor vil vi at kyrkjene i Fusa skal vere rom for tru og tilbeding, sorg og glede, ro og ettertanke, kvile og kveik. I dette spelar ulike kulturelle og kunstnarlege uttrykkformer ei viktig rolle. Vi ynskjer såleis at kyrkjene og det som skjer der skal tale til alle sansar.

### 5.9.2. Kyrkjemusikk

Soknet har ein dugande kantor og stort sett bra orgel, slik at ikkje minst gudstenestene vert gjevande musikalske opplevingar. Kyrkjekoret er lite, men godt og medverkar ved mange gudstenester på liturgisk integrert vis. Elevane frå Kongshaug musikkgymnas, som gjer teneste som organist II, er friske innslag i det kyrkjemusikalske livet. Korps og ensemble frå bygda medverkar også ved gudstenester. ”Soknebandet”, eit uløna ”kompband”, og ulike forsangargrupper gjer trufast teneste ved Familiemix og andre samlingar i kyrkjelyden.

Barnekora i Fusa og Strandvik har slite noko dei siste åra. Men barnekoret i Søre Fusa er svært aktivt, og ein viktig del av barnearbeidet i den delen av soknet. Fjord`n barnekor, som samlar mange, vert drive av leiarar frå kyrkjelyden, bedehuset og Holdhus kristne forsamling, men medverkar ved einskilde kyrkjelydstilskippingar.

Kor og korps i bygda skipar jamleg til konsertar i kyrkjene, sjølv desse har ein tendens til å hope seg opp ved juletider. Desse kunne såleis med fordel vore betre integrert i gudstenestelivet og kyrkjelydslivet i det heile.

### 5.9.3. Kyrkjekunst

Fleire av kyrkjene våre har vakre og gode element av kyrkjekunst. Men i dei seinare åra er det blitt arbeidd med å gje dei eit rikare kyrkjekunstleg uttrykk. Fleire har såleis fått nye kyrkjetekstilar, og i Fusa kyrkje er der no komplett kyrkjetekstilsett av høg kvalitet i alle dei liturgiske fargane. Ny fargebunad for Fusa kyrkje, som er eit stort løft for kyrkjelyden, er eit viktig element i dette stykket. Kyrkjekunstutvalet har eit særleg ansvar som pådrivar og rådgevar på dette feltet, og har skipa til temakveld knytt til den lokale kyrkjekunsten. Det meste av nytt i kyrkjene innan dette feltet har likevel kome etter initiativ frå kyrkjeutvalet. Der ligg såleis eit potensiale i samarbeidet mellom kyrkjeutval og fagutval.

## **5.10. Kommunikasjon.**

### **5.10.1. Generelt**

Vi ser relasjonsbygging som heilt avgjerande for utviklinga av kyrkjelyden. Den viktigaste delen av dette skjer i møtet mellom menneske. Men den offentlege kommunikasjonen gjennom media er også vesentleg i dette stykket.

### **5.10.2. Kyrkjeblad for Fusa.**

Kyrkjebladet har kome ut heilt sidan 1921. Det kjem no med 6 nummer i året, og vert sendt til alle husstandane i Fusa. Det vert lagt vekt på lokalstoff, og å gje eit bilete av kyrkjelivet i bygda. Arbeidet med bladet er ressurskrevjande. Men vi har inntrykk av at bladet vert mykje lese. Det er såleis vel verd å satse på det vidare.

### **5.10.3. Nettsider.**

Soknet er inne på kommunen sine nettsider, der dei gjerne tek inn nyhende, gudstenestelister og liknande. I tillegg har soknet ein eigen "ressusbank" på nettet ([www.fusasokn.no](http://www.fusasokn.no)), med stoff som ikkje treng så hyppig oppdatering. Vi skulle gjerne vore betre representerte på nettet, men ser ikkje at vi har ressursar til det no.

### **5.10.4. "Medarbeidaren".**

Kyrkjelyden nyttar dataprogrammet "Medarbeidaren", som gjer det lett å nå dei registrerte medarbeidarane, konfirmantar og andre med tekstmeldingar og e-post. Dette vert nytta flittig, mellom anna til innbyding til særskilde tilskipingar.

## **6. Kyrkjene og kyrkjegardane**

### **6.1. Kyrkjene**

Fusa sokn eig fem kyrkjer; Strandvik kyrkje, Fusa kyrkje, Hålandsdal kyrkje, Sævareid kapell og Sundvor kyrkje. Alle kyrkjene har blitt godt opprusta sidan visitasen i 2000. I 2012 er både Fusa kyrkje og Strandvik kyrkje mala innvendig. Sævareid kapell er utvida, og i Sundvor kyrkje har ein innreia eit "kyrkjeloft". Det er kome nye orgel både til Fusa kyrkje og Sævareid kapell. Dessutan er det kjøpt inn masse nytt inventar og kyrkjetekstilar til fleire av kyrkjene. Dei største utfordringane m.o.t. vedlikehald framover knyt seg til Hålandsdal kyrkje og Strandvik kyrkje. Det vert vist til vedlegg som viser oversikt over ein del av det nye som er gjort/kome til i kyrkjene sidan sist visitas.

### **6.2. Kyrkjegardane**

I Fusa kommune har vi ti kyrkjegardar. Alle desse er i bruk til kistegraver og/eller urner. Det knyt seg restriksjonar til ein del av desse kyrkjegardane. Det har skjedd masse godt arbeid på alle kyrkjegardane sidan sist visitas, og med ti kyrkjegardar kring i kommunen er der alltid oppgåver som ligg framføre! Nye Fusa kyrkjegard, som ligg attmed Fusakyrkja, vart vigsla i 2006. Elles har det vore utviding av nytt gravfelt i Hålandsdalen og omfattande arbeid utført på Hjartnes, Sævareid, Strandvik og Aakre kyrkjegardar Dei største utfordringane i dag når det gjeld kyrkjegardar er nok Hålandsdal kyrkjegard (treng utviding) og Baldersheim kyrkjegard (treng rehabilitering). Det vert vist til vedlegg som viser oversikt over dei største endringane sidan sist visitas.

## 7 Konklusjon

Konklusjonen må dragast etter drøftingane under visitasen. Men med tilvising til strategiplakaten vår, vil vi som utgangspunkt for desse drøftingane særleg peike på:

- **Gudstenestefeiringa.** Her er vi inne i ein endringsprosess, både når det gjeld kvar og korleis vi feirar gudsteneste. Det er særleg trong for at vi drøftar gudstenestefordelinga ved visitasen.
- **Barn og unge.** Her har det vore ein kraftig vokster, særleg i tilknytning til trusopplæringsreforma. Korleis fører vi dette vidare – særleg når ressursituasjonen endrar seg?
- **Medarbeidarskap.** Vi står i fare for overforbruk i høve til dei løna medarbeidarane. Vidare vokster i kyrkjelyden er såleis avhengig av rekruttering og oppfølging av uløna medarbeidarar. Korleis kan vi motivere til berekraftig teneste og medarbeidarskap?
- **Soknefellesskap.** Vi er mange spreidde og små einingar i soknet. Frametter vil vi i aukande grad trenge kvarandre. Korleis kan vi skape eit storfellesskap med rom for lokale fellesskap?

*Takk Gud, for at du har gjeve oss ein heim i di kyrkje her hos oss,  
der vi kan gjenkjenne di stemme og sitje ved ditt bord.,  
Vi ber deg for soknet vårt og kyrkjelyden vår:  
Velsign dei som samlast her, og dei som ikkje kjem.  
Tal til oss og gjev oss hunger etter livsens Ord og livsens Brød.  
Gjev oss lengt etter ditt rike!  
Du som verkar i oss med di kraft  
og kan gjere så mykje meir enn at det vi bed om og skjønar,  
du skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus  
gjennom alle ætter og i alle æver. Amen!*

Fusa sokn, 29.05.12

Bodil Samnøy  
soknerådsleiar

Roar Strømme  
sokneprest